



Stranda kommune

Møteprotokoll for FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtedato: 15.06.2026
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: Kl 15:00 - 15:30

Leiar for møtet var : Steinar Aanning

Medlemmer:	Parti
Gro Anita Sve	FRP
Gro Anita Rjånes	H
Joachim Bjørstad Langlo	H
Liv Norunn Langeland Runde	SP
Steinar Aanning	UAVH

Møtande varamedlemmer:	Parti
Øyvind Lyngstad	

Fråverande medlemmer:	Parti
Inger Helen Abelsen	AP
Hans Roar Emdal	SP

Stranda kommune 25.06.2026

Sakliste

Sak nr	Sakstittel	
034/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
035/26	Automek AS - Søknad om dispensasjon frå byggegrense i reguleringsplan for Stranda sentrum - Oppføring av balkongar	
036/26	Kurt-Harry Oksnes - Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel - Oppføring av to mikrohytter i Liabakkane	
037/26	Godkjenning av oppstart av detaljregulering for Orrehaugen	
038/26	Reguleringsplan for fv60 Tomasgard - Røyrhus del 3	
039/26	Godkjenning av møteprotokoll	

034/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

15.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 034/26 Vedtak:

1. Innkalling vert godkjent
2. Saklista vert godkjent slik ho ligg føre

035/26 Automek AS - Søknad om dispensasjon frå byggegrense i reguleringsplan for Stranda sentrum - Oppføring av balkongar

Kommunedirektøren si tilråding

Stranda kommune gir dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplan for Stranda sentrum, for oppføring av balkongar på fasade mot nord og aust, i samband med ombygging av andre etasje til bustadar eigedom Gbnr. 53/289 i Øyna 52.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

15.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 035/26 Vedtak:

Stranda kommune gir dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplan for Stranda sentrum, for oppføring av balkongar på fasade mot nord og aust, i samband med ombygging av andre etasje til bustadar eigedom Gbnr. 53/289 i Øyna 52.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

036/26 Kurt-Harry Oksnes - Søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel - Oppføring av to mikrohytter i Liabakkane

Stranda kommune avslår søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel pkt. 2.3, for oppføring av to mikrohytter på eigedom GBN 8/137 i Liabakkane i Liabygda.

Grunngjeving for avslag:

I samband med planprosessen som vart starta igangsett, har det vore planar om opp mot 16 nye hytter på dette området. Ved å tillate to av mange hytter vil dette føre til ei bit-for-bit forvaltning der ein mistar overordna styringsverktøy. For å sikre heilskapleg vurdering av korleis området kan byggjast ut, må avklaring skje gjennom ein reguleringsprosess. Dispensasjon frå plankravet vil føre til ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak plankravet. Vilkår for å kunne gje dispensasjon er soleis ikkje oppfylt.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

15.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 036/26 Vedtak:

Stranda kommune avslår søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel pkt. 2.3, for oppføring av to mikrohytter på eigedom GBN 8/137 i Liabakkane i Liabygda.

Grunngjeving for avslag:

I samband med planprosessen som vart starta igangsett, har det vore planar om opp mot 16 nye hytter på dette området. Ved å tillate to av mange hytter vil dette føre til ei bit-for-bit forvaltning der ein mistar overordna styringsverktøy. For å sikre heilskapleg vurdering av korleis området kan byggjast ut, må avklaring skje gjennom ein reguleringsprosess. Dispensasjon frå plankravet vil føre til ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak plankravet. Vilkår for å kunne gje dispensasjon er soleis ikkje oppfylt.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

037/26 Godkjenning av oppstart av detaljregulering for Orrehaugen

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det gjort følgjande vedtak:

1. Det vert gjeve tilslutning til oppstart av arbeid med detaljregulering for Orrehaugen.
2. Planarbeidet skal gjennomførast i samsvar med føringar gitt i oppstartsmøte og gjeldande overordna planar.
3. Følgjande tema skal ha særleg fokus i det vidare planarbeidet:
 - a. naturfare og ROS-analyse
 - b. trafikksikkerheit og samspel med løypenett
 - c. teknisk infrastruktur
 - d. landskapstilpassing og estetikk
4. Oppstart av planarbeidet skal varslast i samsvar med gjeldande regelverk.

15.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 037/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det gjort følgjande vedtak:

1. Det vert gjeve tilslutning til oppstart av arbeid med detaljregulering for Orrehaugen.
2. Planarbeidet skal gjennomførast i samsvar med føringar gitt i oppstartsmøte og gjeldande overordna planar.
3. Følgjande tema skal ha særleg fokus i det vidare planarbeidet:
 - a. naturfare og ROS-analyse
 - b. trafikksikkerheit og samspel med løypenett
 - c. teknisk infrastruktur
 - d. landskapstilpassing og estetikk

Oppstart av planarbeidet skal varslast i samsvar med gjeldande regelverk.

038/26 Reguleringsplan for fv60 Tomasgard - Røyrhus del 3

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 legg Stranda kommune **forslag til detaljregulering for fv. 60 del 3 – Volda grense–Røyrhus (planID 2026002)** ut til offentleg ettersyn og høyring.

Høyringsfrist vert sett til minimum 6 veker frå kunngjering.

15.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling

Vedtak samrøystes

PLA - 038/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 legg Stranda kommune **forslag til detaljregulering for fv. 60 del 3 – Volda grense–Røyrhus (planID 2026002)** ut til **offentleg ettersyn og høyring**.

Høyringsfrist vert sett til minimum 6 veker frå kunngjering.

039/26 Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokollen frå møtet i PLA 15.06.26 vert godkjent slik den ligg føre.

15.06.2026: FAST UTVAL FOR PLANSAKER

Møtebehandling
Vedtak samrøystes

PLA - 039/26 Vedtak:

Møteprotokollen frå møtet i PLA 15.06.26 vert godkjent slik den ligg føre.